



# Innst. 159 S

(2011–2012)

## Innstilling til Stortinget frå justiskomiteen

Dokument 8:12 S (2011–2012) og Dokument 8:14 S (2011–2012)

**Innstilling frå justiskomiteen om representantforslag fra stortingsrepresentantene Trine Skei Grande og Borghild Tenden om umiddelbar oppfølging av tiltakene for bekjempelse av voldtekt slik skissert i NOU 2008:4 (Voldtektsutvalget) og representantforslag fra Siv Jensen, Mette Hanekamhaug, Åse Michaelsen, Bente Thorsen, Solveig Horne, Kari Kjønås Kjos, Karin S. Woldseth, Siv Aida Rui Skattem, Åshild Karoline Haugland og Laila Marie Reiertsen om et opprør mot voldtektsbølgen**

Til Stortinget

### Samandrag

Stortingsrepresentantene Trine Skei Grande og Borghild Tenden fremmet 26. oktober 2011 følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen umiddelbart følge opp tiltakene for bekjempelse av voldtekt slik skissert i NOU 2008:4, blant annet gjennom en konkret og tidfestet innfasingsplan for tiltakene.»

Stortingsrepresentantene Siv Jensen, Mette Hanekamhaug, Åse Michaelsen, Bente Thorsen, Solveig Horne, Kari Kjønås Kjos, Karin S. Woldseth, Siv Aida Rui Skattem, Åshild Karoline Haugland og Laila Marie Reiertsen fremmet 26. oktober 2011 følgende forslag:

«1. Stortinget ber regjeringen initiere nødvendige endringer i budsjettet for 2012 slik at politiet kan opp tre mer synlig og tilstedeværende i alle norske byer.

2. Stortinget ber regjeringen iverksette nødvendige prosesser for opprettelse av eget særorgan for etterforskning av seksuelle overgrep, samt etablering av eget SO-team i hvert politidistrikt.
3. Stortinget ber regjeringen åpne opp for at private, sertifiserte laboratorium kan bistå politiet med DNA-analyser.
4. Stortinget ber regjeringen foreslå nødvendige endringer for en utvidet registrering og kontroll ved ankomst av asylsøkere slik at registreringen også omfatter DNA-profiler som politiet kan få tilgang til.
5. Stortinget ber regjeringen åpne for å plassere asylsøkere i lukkede mottak.
6. Stortinget ber regjeringen legge frem endringer i straffeloven som gjør det straffeskjerpende å begå kriminelle handlinger mens en har asylsøknad til behandling.
7. Stortinget ber regjeringen iverksette en revisjon av straffelovgivningen som gjelder voldtekt og andre seksuelle krenkelser med formål å skjerpe straffenivået, samt senke terskelen for bruk av forvaring.»

Justiskomiteen har besluttet å fremme en samlet innstilling om de to dokument 8-forslagene, jf. Stortingets forretningsorden § 20 tredje ledd. For nærmere redegjørelse for forslagene vises det til dokumentene.

### Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Jan Bøhler, Tore Hagebakken, Sigvald Oppebøen Hansen, Anna Ljunggren og Tove-Lise Torve, frå Framstegspartiet, Hans Frode Kielland

Asmyhr, Ulf Leirstein, Åse Michaelsen og leiaren Per Sandberg, frå Høgre, André Oktay Dahl og Anders B. Werp, frå Sosialistisk Venstreparti, Akhtar Chaudhry, og frå Senterpartiet, Jenny Klinge, syner til representantforslag Dokument 8:12 S (2011–2012) om umiddelbar oppfølging av tiltakene for bekjempelse av voldtekt slik skissert i NOU 2008:4 (Voldtektsutvalget) og representantforslag Dokument 8:14 S (2011–2012) om eit opprør mot valdtektsbølga. Auken i meldte overfallsvoldtekte og den debatten desse skapte, er tydelege uttrykk for ein alvorleg situasjon som komiteen ser på med stor uro. Komiteen meiner at meir debatt og hyppigare drøftingar av voldtekt som eit samfunnsproblem, er viktige verkemiddel for å komme problemet med valdtekte til livs.

Valdtekt er etter komiteen sitt syn eit av dei mest krenkande handlingar eit menneske kan bli utsett for – eit nestendrap for å bruke tidlegare justisminister Storberget sine ord. Komiteen vil streke under at dette gjeld alle typar valdtekte, og uansett om offeret er kvinne eller mann. Overfallsvoldtekte fører i tillegg til frykt og uro også blant andre enn dei som er direkte ramma, og påverkar handlings- og bevegelsesmønsteret til folk.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Høgre, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, syner til statsråden sitt svarbrev (av 5. desember 2011) og til Dokument 8:12 S (2011–2012), og i tillegg dokumentet «Beslutningskompetanse og status for Voldtektsutvalgets forslag» som vart publisert på regjeringa sine heimesider 21. desember 2011. Begge dokumenta viser at ein stor del av tiltaka Voldtektsutvalget gjorde framlegg om er iverksette, og at fleire blir vurderte i det vidare arbeidet. I Dokument 8:14 S (2011–2012) blir det referert til ein kraftig auke i talet på valdtekte det siste året. Fleirtalet viser til svarbrevet frå statsråden (5. desember 2011), og at det er behov for ein nærare analyse før vi kan slå fast at talet på valdtekte har auka så mykje.

Komiteen er likevel svært bekymra over dei mange valdtektene, og vil halde fram med å prioritere tiltak mot valdtekt.

Komiteen meiner at befolkninga skal kunne kjenne seg trygge og oppleve at politiet er tilgjengeleg, men vil understreke at politiet aldri kan få ei total oversikt over alle som oppheld seg til dømes i Oslo ei laurdagsnatt. Komiteen vil til liks med statsråden framheve at valdtekte best kan førebyggjast ved at alle aktørane i bybildet samarbeider – både offentlege, private og frivillige.

Til framlegget om å gjere endringar i budsjettet viser eit anna fleirtal, medlemene frå Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, til Innst. 6 S (2011–2012) og budsjettet for Oslo Politidistrikt og for politi- og lensmannsetaten. Løyvinga er auka med 969 mill. kroner, som nettopp bidreg til meir synleg politi. Løyvinga gjer det mogleg å oppretthalde politiets innsats innan vanlege oppgåver i ei tid kor store ressursar må brukast på å etterforske og følgje opp terrorangrepa 22. juli 2011.

Til framlegget om eit eige særorgan for etterforskning av seksuelle overgrep og å etablere særskilte SO-team i kvart politidistrikt, viser fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Høgre, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, til det nemnde svarbrevet frå statsråden, som utdjupar korleis dette framlegget allereie er fulgt opp.

Eit anna fleirtal, medlemene frå Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, er tilfreds med at analyse av biologiske spor ikkje skal gjerast av kommersielle aktørar, men bli utført av Folkehelseinstituttet som er uavhengig av både politiet og forretningsinteresser. Dette fleirtalet vil ikkje støtte framlegget om at private, sertifiserte laboratorium kan bistå politiet med DNA-analyser.

Det strir sterkt mot fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Høgre, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, si rettsoppfatting å innføre DNA-registrering av asylsøkjjarar og lukka mottak for asylsøkjjarar, og fleirtalet vil derfor gå imot desse framlegga. Statsråden viser i svarbrevet til endringane i utlendingslova i Prop. 138 L (2011–2012) som blant anna har som føremål å gjere det vanskelegare å utnytte asylsystemet, og effektivisere arbeidet myndighetene gjer med å gjennomføre avslagsvedtak.

Komiteen er oppteken av at det skal vera eit høgt straffenivå for valdtekt og andre seksuelle overgrep, og viser til Prop. 192 L (2009–2010) Endringer i straffeloven 1902 mv. (skjerpning av straff for drap, annen grov vold og seksuallovbrudd), og at Stortinget i denne samanhengen vedtok å auke straffenivået for den aller mest alvorlege kriminaliteten.

Komiteen minner om at domstolane står fritt til å utmåle den straff i den enkelte sak som dei til ei kvar tid meiner er rett ut frå tilgjengelege og relevante straffutmålingsmoment, men vil understreke at Stortinget som lovgjevande makt har gjeve klåre og

begrunna føringar på kor normalstraffenivåa for vald og seksuelle overgrep bør liggje.

## **Forslag frå mindretal**

### **Forslag fra Fremskrittspartiet og Høyre:**

#### *Forslag 1*

Stortinget ber regjeringen umiddelbart følge opp tiltakene for bekjempelse av voldtekt slik skissert i NOU 2008:4, blant annet gjennom en konkret og tidfestet innfasingsplan for tiltakene.

#### *Forslag 2*

Stortinget ber regjeringen initiere nødvendige endringer i budsjettet for 2012 slik at politiet kan opptre mer synlig og tilstedeværende i alle norske byer.

#### *Forslag 3*

Stortinget ber regjeringen åpne opp for at private, sertifiserte laboratorium kan bistå politiet med DNA-analyser.

#### *Forslag 4*

Stortinget ber regjeringen iverksette en revisjon av straffelovgivningen som gjelder voldtekt og andre seksuelle krenkelser med formål å skjerpe straffenivået, samt senke terskelen for bruk av forvaring.

### **Forslag fra Fremskrittspartiet:**

#### *Forslag 5*

Stortinget ber regjeringen iverksette nødvendige prosesser for opprettelse av eget særorgan for etterforskning av seksuelle overgrep, samt etablering av eget SO-team i hvert politidistrikt.

#### *Forslag 6*

Stortinget ber regjeringen foreslå nødvendige endringer for en utvidet registrering og kontroll ved ankomst av asylsøkere slik at registreringen også omfatter DNA-profiler som politiet kan få tilgang til.

#### *Forslag 7*

Stortinget ber regjeringen åpne for å plassere asylsøkere i lukkede mottak.

#### *Forslag 8*

Stortinget ber regjeringen legge frem endringer i straffeloven som gjør det straffeskjerpende å begå kriminelle handlinger mens en har asylsøknad til behandling.

## **Tilråding frå komiteen**

Komiteen har elles ingen merknader, viser til representantforslaga og rår Stortinget til å gjere slikt

v e d t a k :

### I

Dokument 8:12 S (2011–2012) – representantforslag fra stortingsrepresentantene Trine Skei Grande og Borghild Tenden om umiddelbar oppfølging av tiltakene for bekjempelse av voldtekt slik skissert i NOU 2008:4 (Voldtektsutvalget) – vedlegges protokollen.

### II

Dokument 8:14 S (2011–2012) – representantforslag fra stortingsrepresentantene Siv Jensen, Mette Hanekamhaug, Åse Michaelsen, Bente Thorsen, Solveig Horne, Kari Kjønnaas Kjos, Karin S. Woldseth, Siv Aida Rui Skattem, Åshild Karoline Haugland og Laila Marie Reiertsen om et opprør mot voldtektsbølgen – vedlegges protokollen.

Oslo, i justiskomiteen, den 31. januar 2012

**Per Sandberg**

leder

**Jenny Klinge**

ordfører

